

Referat frå møte nr. 66, 12. juni

Dato: 3. juli 2015

Til stades: **Baard-Christian Schem**, Helse Vest RHF, leiar
Alf Henrik Andreassen, Helse Bergen HF
Gunnar Mellgren, Helse Bergen HF
Stein Tore Nilsen, Helse Stavanger HF
Marit Solheim, Helse Førde HF
Haldis Økland Lier, Helse Fonna HF
Jarle Eid, Universitetet i Bergen
Nina Langeland, Universitetet i Bergen
Troels Jacobsen, Universitetet i Stavanger
Tore Tungodden, Universitetet i Bergen
Frøydis Bruvik, observatør, Dei private, ideelle institusjonar
Anne Kari Hersvik Aarstad, observatør, høgskulane i regionen

Forfall: **Mari Nes**, observatør, Noregs forskingsråd
Dag Rune Olsen, Universitetet i Bergen
Kjell Bernstrøm, Universitetet i Bergen
Jan Petter Larsen, Universitetet i Stavanger
Robert Bjercknes, Universitetet i Bergen
Pål Berger, brukarrepresentant

Sekretariatet: **Ernst Omenaas**
Ingrid Kalsnes (referent)

Saksnr.	Sak
Sak 19/2015	Godkjenning av saksliste og referat
Vedtakssak	
	Innkalling til møte 12. juni 2015 vart godkjent. Referatet frå møte 24. april vart godkjent med kommentarane som kom fram i møte. Sak om ny spesialistutdanning for legar vart meldt til behandling under eventuelt.
Sak 20/2015	Rammer og retningslinjer for søknadsprosessen 2016
Vedtakssak	
	Utkast til utlysingstekst, rammer og retningslinjer for søknadsprosessen for 2016 vart lagt fram for samarbeidsorganet. Den største endringa i retningslinjene for årets søknadsprosess er knytt til vurdering av nytte. Samarbeidsorganet vedtok i møte at nyttekriteriet for årets søknadsprosess skal bestå av tre element: <ul style="list-style-type: none"> • Om prosjektet vil generere ny kunnskap som kan takast i bruk i klinisk verksemd, anten på kort eller noko lengre sikt

	<ul style="list-style-type: none"> • Betyding (impact) for helsetenesta • Regionalt samarbeid <p>Formuleringane kring regionalt samarbeid vart sendt ut per e-post i etterkant av møtet.</p> <p>Det er også gjort fleire mindre endringar for å presisere retningslinjene, i tråd med innspela frå samarbeidsorganet på februararmøtet. Mellom anna er det lagt inn liste over obligatoriske vedlegg for alle søknadstypar i både retningslinjer og eSøknad, og det er utarbeida mal for prosjektframstilling og mal for støtteerklæring til søknad om karrierestipend.</p> <p>Samansetjinga av vurderingskomiteane vart også diskutert med bakgrunn i at nytte i forskning no kjem sterkare inn, og om ein då bør ha ei dreining mot meir klinisk kompetanse i vurderingskomiteane. Fleire peikte på at vurderingskomiteane må ha breiddekunnskap. Samarbeidsorganet bad om at formuleringa kring samansetjinga av komiteane vert gjort noko rundare.</p> <p>Samarbeidsorganet ber om å få framlagt ei oversikt over økonomien til neste møte, med fordeling av midlar til doktorgradsstipend, postdoktorstipend og fleirårige prosjekt per helseføretak.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek utlysingstekst, rammer og retningslinjer for søknadsprosessen 2015, som grunnlag for fordeling av midlar for 2016.</i>
Sak 21/2015	HelseOmsorg21-monitor
Orientering og diskusjon	
	<p>Helse- og omsorgsdepartementet har gitt Forskingsrådet i oppdrag å etablere HelseOmsorg21-monitor, ein monitor for forskning og innovasjon innanfor helse- og omsorgsfeltet. Arbeidet er eit ledd i oppfølginga av HelseOmsorg21-strategien.</p> <p>Føremålet med monitoren er mellom anna å gi eit kunnskapsgrunnlag for prioritering og satsing på forskning og innovasjon, knytte indikatorar for forskning og innovasjon til helseindikatorar for å kunne sjå samfunnet si sjukdomsbyrde, helseutviklinga og kunnskapsbehova i samanheng med satsing på forskning og innovasjon og gi styringsinformasjon til departementa, direktorata, Forskingsrådet og dei regionale samarbeidsorgana.</p> <p>Det er nedsett ei arbeidsgruppe som mellom anna har som oppgåve å avgrense datatypar, kva forskingsinstitusjonar som skal inngå og utarbeide forslag til indikatorar. Reidar Thorstensen frå Regionalt kompetansesenter for klinisk forskning, Helse Vest, er meldt inn som helseføretaka sin representant i arbeidsgruppa.</p>
Sak 22/2015	Utvikling av eRapport og eSøknad
Orientering og diskusjon	

	<p>Dei elektroniske systema eSøknad og eRapport er utvikla av KKF, og er skreddarsydd for handteringa av dei regionale forskingsmidlane samt rapportering for nasjonale tenester. Utvikling, testing, oppfølging og vegleing er ein del av oppgåveportefølja KKF utfører på vegne av Helse Vest. Det er gjort eit omfattande arbeid med å få eRapport over på ei ny teknisk løysing, og ein jobbar no med kravspesifikasjon for ny versjon av eSøknad. Det vil måtte reknast mykje tid til testing utover hausten. Målet er å få søknadsskjemaet over på ny plattform til neste års søknadsrunde.</p>
Sak 23/2015	Orienteringssaker
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det vart orientert om status for arbeidet med ny forskingsstrategi. Det ser ut til at arbeidet vert noko forsinka i forhold til den opphavlege tidsplanen. 2. Referat frå møte i HelseOmsorg-rådet.
Sak 24/2015	Eventuelt
	<p>Alf Henrik Andreassen orienterte om oppdrag Helsedirektoratet og dei fire RHF-a har fått frå HOD om å komme med forslag til framtidig organisering av spesialistutdanninga for legar. Systemet ein har i dag er velfungerande, og det vert truleg ikkje lagt opp til store endringar. Spørsmåla går i hovudsak på finansiering og om spesialistutdanninga skal flyttast. Innspel til arbeidet vert mottatt med takk. Samarbeidsorganet får kopi av rapporten/utgreiinga som skal sendast HOD innan 30. august. Saka kan eventuelt setjast opp igjen på eit seinare møte.</p>
<p>Neste møte i Det regionale samarbeidsorganet er 25. september 2015 på Clarion Hotel Bergen Airport, kl. 10.30 – 14.30</p>	